

Årsmelding 2024

Styret i historielaget har i 2024 bestått av Tore Hovda, leiar, Nils Rogn kasserar, Aud S. Kvale skrivar, og Helge Rønningen og Ove Bunde som styremedlemar. Vi har ikkje hatt styremøter i året som har gått, men har prata saman lell, utan at saker har vorte tatt opp. Likevel har vi gjennomført ein del i året som har gått:

- Me sende ut medlemsbrev i juni, og kontingentpurring på haustparten
- Me har hatt dialog med kommunen om Leinekvednidn, og fått restaureringa på sakskartet. Odd Arne Rudi ved Valdresmusea har laga ein tilstandsrapport som visstnok er sendt kommunen. Ting tyder på at kommunen i tinglyst dokument har tatt på seg kostnadsansvaret for vedlikehald i framtida. Leiaren skal saman med Jon Eggen ha møte med Odd Arne Rudi og Ole Aastad Bråthen om dette i nær framtid.
- 23. mai var det nærtur rundt Leirhol, i samarbeid med Frivilligsentralen, som tok seg av det meste.
- Turen til Hemsedal som vart omtala på førre årsmøtet, vart gjennomført 29. august, med 20 deltakarar. Der vart me tekne i mot av tidlegare ordførar Oddvar Grøto, og hadde ein triveleg dag med mykje interessant informasjon.
- 7. september var markeringa av Finne-Lussi. Vi var med litt i planlegginga i forkant av markeringa.
- 25. oktober var vi så heldige at vi fekk førpremiere på filmen Nr 24 her i Vang. Filmen handla om Gunnar Sønstebye, og var svært interessant. Historielaget var spurt om å bidra, og vi fekk Thorleiv Idstad hit for å fortelle om då far hans antakeleg berga livet til Gunnar Sønstebye. Dei gjekk over fjellet frå Gausdal, og «Kjaka» hadde dobbeltsidig lungebetennelse. Thorleiv var ein flink forteljar, og vi vil nytte oss av han i løpet av året. Det var 50 stk som kom på auditoriet denne kvelden.

Vi hadde totalt 98 medlemar i 2024, 20 enkeltmedlemar og 39 familiemedlemar.

Vang, 5. mai 2025

Tore Hovda